



Kvinnherad kommune

Att:

Rosendalsvegen 10

5470 Rosendal

Fiskeridirektoratet si fråsegn - Kvinnherad kommune - Detaljregulering for Årsnes Industriområde gnr81 bnr211 m.fl. - Kvinnherad kommune

Vi viser til oversending datert 20.06.2025.

Saka gjeld

Kvinnherad kommune har sett i gong planarbeid med konsekvensutgreiing for detaljregulering for Årsnes Industriområde, 81/211 m. fl. PlanID 20210005. Hovudføremålet med detaljreguleringa er å legge til rette for vidare utvikling av industriområdet på Årsnes, nord for ferjekaien. Store deler av næringsarealet sør for Årsneselva er allereie sprengt ut og planert. Det er berre ein mindre del i nord, mot elva, som ikkje er opparbeida. Det er ytra ønske om etablering av ei djupvasskai til industriområdet:

«Forslagsstillar ønskjer òg å etablere ein djupvasskai i planområdet, som bør ha min. djupne på 8 meter. Det er på det meste i overkant av 30 meter frå dagens utfyllingslinje til denne djupna, som gir potensiale for godt og stort bakareal for leveransar og manøvrering på kaien. Den kan potensielt kunne etablerast med ein del utfylling i sjø og resterande lengde med peling. Kaiareal med 8 meter djupne kan potensielt gi om lag 150 kaimeter. Lengde og plassering av kai må ein jobbe vidare med i reguleringsplanfase».

Planstatus

I gjeldande kommuneplan er området vist med næringsføremål og framtidig bruk og vern av sjø og vassdrag. Det er sett byggegrense mot sjø i kommuneplanen, og arealet er omfatta av bestemmelsesområde #A. Gjeldande reguleringsplan skal då gjelde saman med kommuneplanen. Areal grenser til areal sett av til LNF-område, næring, hamn og ferdsel. Deler av arealet er omfatta av faresone skred (H310). I samband med ny detaljregulering er det føresett at gjeldande reguleringsplan for Årsnes industriområde PlanID 19910002, og ein mindre del av reguleringsplan for Årsnes ferjekai PlanID 20040013 vert oppheva.


Fiskeridirektoratet si rolle i saka

Fiskeridirektoratet har som oppgåve å fremje lønsam og verdiskapande næringsaktivitet gjennom berekraftig og brukarretta forvaltning av marine ressursar og marint miljø. Vi skal medverke i planlegging etter plan- og bygningslova i kyst- og sjøområde når fiskeri- og akvakulturinteresser, inkludert marint miljø og biologisk mangfald som er viktig for næringane, vert berørt.

Fiskeri- og akvakulturinteresser i sjøområda

Marint biologisk mangfald

Det er ikkje registrert marine naturtypar (Marine naturtyper etter DN håndbok 19 - Kartlegging av marint biologisk mangfald) innanfor det definerte planområdet. Lenger nordaust i Sildafjorden (ca. 7500 meter i luftline frå planområdet) er det registrert førekomst av korallar som er verdisette som svært viktig etter DN håndbok 19. Registreringane er av nyare dato (2018) og for nærare skildring viser vi til Miljødirektoratet Naturbase faktaark [id: BM00126836 Sildafjorden](#)



Fiskeri

I sjøområdet utanfor Årsnes, mellom Svoldaneset og Teiganeset, har Fiskeridirektoratet registrert ein fiskeplass som i hovudsak vert nytta til fiske med garnreiskap. Fiskeplassen vart første gongen registrert i 2012 gjennom intervju med fiskarar og kartlegging av kystnære fiskedata. Spøringsdata og innrapporterte data om faststående fiskereiskap viser noko fiskeriaktivitet i sjøområdet, sjølv om aktiviteten er lågare enn tidlegare.

Akvakultur

Det er etablert akvakulturanlegg med produksjon av matfisk av laks og aure på lokalitetane:

- lokalitet 20455 Djupevika (om lag 1500 meter sørvest for Årsnes ferjekai)
- lokalitet 10332 Trommo (om lag 4700 meter nordaust for Årsnes ferjekai)

Generelle råd om arealplanlegging for fiskeri og akvakultur

På nettsida [Arealplaner \(fiskeridir.no\)](#) har Fiskeridirektoratet samla si generelle planrettledning om fiskeri og akvakultur. Der informerer vi og gjev råd om mellom anna

- arealbehovet til sjømatnæringane
- kunnskapsgrunnlaget i kartløyninga «Yggdrasil»
- kriterium Fiskeridirektoratet nyttar for å vurdere kva spørsmål som er av nasjonal eller vesentleg regional betydning innanfor saksområda fiskeri, og tang- og tarehausting, jamfør plan- og bygningslova § 5-4
- korleis fiskeri- og akvakulturinteresser kan sikrast i plankart og -føresegner

Planprogram

Planen fell inn under konsekvensforskrifta § 6b, planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding. Ifølgje kommunen sin oppstartsmelding er følgjande tema vurdert konsekvensutgreia:

- Naturmangfald på land og ev. i sjø (innhenting av ny kunnskap)
- Landskap
- Samferdsle
- Ferdslø på sjø, inkl. ferjetrafikk

Fagtema som friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, fiskeriinteresser og ROS-analyse etc. vil verte ein del av planomtalen, ifølgje kommunen.

Vurdering av planprogrammet

Fiskeridirektoratet peikar på at plassering og storleik på ein eventuell djupvasskai må konsekvensutgreiast for marint miljø og naturmangfald.

Som ein del av konsekvensutgreiinga for naturmangfald i sjø, og i lys av dei registrerte korallførekomstane i Sildafjorden, må ein vurdere om det er trong for supplerande kartlegging og innhenting av ny kunnskap.

På bakgrunn av at det er registrert fiskeriinteresser i tilgrensande sjøområde, ber vi om at fiskarane sine interesseorganisasjonar, gjennom fiskarlag og kystfiskarlag, vert høyrde i planprosessen.

Vidare planprosess

Fiskeridirektoratet ber om at innspela ovanfor vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet. Ved vidare kontakt i saka, ver venleg å vise til vårt saksnr. 25/11985 og nytte e-post-adressa postmottak@fiskeridir.no.

Med helsing

Tom Hansen
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.



